

# *Velferdsteknologi*

*Teknologi som kan hjelpe folk i kvardagen, og som kan bidra til auka tryggleik, sjølvstende og meistring i eige liv.*

# Tre hovudkategoriar av velferdsteknologi:

- Hjelphemiddel ein kan kjøpe sjølv
- Hjelphemiddel gjennom NAV hjelphemiddelsentral
- Hjelphemiddel som teneste frå kommunen

# Kvifor velferdsteknologi?

- Tryggare og enklare kvardag for brukar og evt. pårørande/tenesta
- Brukar kan få bu heime og klare seg sjølv lengst mogeleg
- Brukar vil kunne oppleve betre livskvalitet og sjølvstendigheit
- Hindre skade
- Unngå fysisk tilsyn på natt, som kan gje betre søvnkvalitet for brukar
- Tenesta kan bruke ressursane der behovet er størst

# Tryggleiksalarm

*- gir auka tryggleik for deg som bur heime*

- enkel å bruke
- stasjonær eller mobil alarm
- varsel går til alarmsentral og heimetenenesta
- ein kan snakke via alarmen
- ikkje lovpålagd teneste, eigendel kr.327 pr.mnd.
- må vere mobildekning for at alarm skal fungere



# Elektronisk medisineringsstøtte

- *Treng du hjelp til å handtere medisinane dine?*
- *Er du usikker på kva dag det er, og om du har tatt rett medisin til rett tid?*



## Med elektronisk medisindispenser får du:

- påminning om å ta medisin
- rett medisin til rett tid
- du slepp å vente på at heimetenesta skal komme
- heimetenesta eller pårørande får varsel viss du har gløymt å ta medisinen din

For å nytte multidosedispenser må du ha medisinar tillaga i ein multidoserull.

[Film om Evondos](#)

# Lokaliseringsteknologi/GPS

Har du har nedsett hukommelse, og ynskjer å kjenne deg trygg på at nokon finn deg viss du treng hjelp, kan GPS vere ei god løysing.



# Digitalt tilsyn

- sensorar som varslar automatisk ved uønska hendingar, (til dømes fall, ut av seng/dør om natt)
- du unngå å bli vekt unødig på natt med fysisk tilsyn

Med digitalt tilsyn kan du:

- bu lenger heime
- kjenne deg trygg og oppleve fridom
- unngå fare
- redusere skade
- automatisk tilkalle hjelp ved behov



# Kven kan få velferdsteknologi?

- samtale og kartlegging avgjer kva som er ei god løysing for den enkelte
- behovet til brukaren avgjer kva teknologi vi skal nytte
- samtykke frå brukar/pårørande
- må vere mobildekning der brukar bur
- uavhengig av alder
- heimebuande og bebuarar på institusjon

## NB! Hugs framtidsfullmakt!

*«Demens og annan alvorleg sjukdom kan gjere at du ein gong i framtida treng hjelp. Viss du opprettar framtidsfullmakt, kan du bestemme at nokon du stolar på skal ta vare på dine interesser den dagen du ikkje klarar det sjølv. Ei framtidsfullmakt kan vere eit alternativ eller eit supplement til verjemål.»*

# Digital heimeoppfølging

*- bruk av teknologiske løysingar som gjer at ein kan følgjast opp av helse- og omsorgstenesta heime.*

- telefon eller videosamtale med lege/sjukehus
- pasient gjer målingar heime, til dømes blodtrykk, blodsukker, pulsoksymeter, vekt
- pasienten svarar på spørsmål om helsetilstanden via eit nett Brett/telefon
- Resultata vert overført til ei oppfølgingsteneste, som tek kontakt ved teikn til forverring eller om målingane er utanfor normalverdiane.

[Helsedirektoratet: Film om digital heimeoppfølging](#)